

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 27.04.2018

SAKSHANDSAMAR: Odd Andrew Storetvedt

SAKA GJELD: Miljøstyring - økonomiske betraktningar for føretaket knytt til klimarekneskapen

STYRESAK: 47/18 0

STYREMØTE: 27.04.2018

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Bergen HF tar saken til orientering

Oppsummering

Klimagassrekneskapen gir oss eit godt grunnlag for å arbeide med dei områda som har størst verknad for miljø- og klimaresultatet for sjukehuset. Vidare gjer rekneskapen at det blir mogeleg å måle om tiltaka vi har sett i verk gir den effekten som vi ønskjer.

Sjukehuset er miljøsertifisert etter ISO 14001-standarden og har dermed ein god struktur for kontinuerlege miljøforbetringar. Miljøstandarden krev integrering av ytre miljø i kjerneverksemda og legg vekt på systematisk kvalitetsarbeid som ein del av moglege miljøforbetringar.

Med bakgrunn i miljø- og klimautfordringane vi står overfor, er det ikkje usannsynleg at delar av vår verksemd i framtida vil bli prisa høgare. Dette er trekt fram i perspektivmeldinga gjennom for eksempel prising av klimagassutslepp. Ved god miljøstyring er vi betre rusta til å møte desse endringane.

Fakta

Styret ber om økonomiske betraktningar for føretaket knytt til klimarekneskapen.

Miljøarbeidet er forankra i *Nasjonal sykehusplan del 3 kap.17 Miljø og klima*¹ og *Strategien til Helse Vest Helse 2035*².

Utdrag frå *Strategien til Helse Vest Helse 2035*

Ivaretaking av miljøet skal vere ein integrert del av Helse Vest si verksemd. Helseføretaka skal ha så liten negativ miljøpåverknad som mogleg. Ansvar for miljøet strekkjer seg òg til leverandørar og andre samarbeidspartnarar. Vi må derfor ha god nok miljøfagleg kompetanse, vi må stille miljørelaterte krav både til oss sjølve og andre, og vi må vere ein pådrivar for å ta samfunns- og miljøansvar.

Sjukehuset er miljøsertifisert etter ISO 14001-standarden og har dermed ein god struktur for kontinuerlege miljøforbetringar. Miljøstandarden krev integrering av ytre miljø i kjerneverksemda og legg vekt på systematisk kvalitetsarbeid som ein del av moglege miljøforbetringar. Dette passer godt inn i arbeidet som no er starta med å få samanstilt områda pasienttryggleik, HMS og ytre miljø, og er i tråd med ny forskrift om *ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten*.

Sjukehuset arbeider i desse dagar med å bli miljøsertifisert etter den reviderte standard ISO 14001:2015. Den nye standarden krev blant anna større leiarfokus på miljø. Det blei derfor bestemt i føretaksleiinga hausten 2017 at det skal arbeidast vidare med forbetringar av kvaliteten på miljødokumentasjonen og kople denne dokumentasjonen opp mot økonomi. Målet med dette er at sjukehuset får eit betre styringsverktøy for miljø- og klimaarbeidet.

¹ [Nasjonal sykehusplan](#)

² [Helse 2035](#)

Vidare krev miljøstyringssystemet at sjukehuset held oversikt over myndigheitskrav og set krav om å overvake og kontrollere om myndigheitskrav blir oppfylte.

Haukeland universitetssjukehus er ein stor arbeidsplass og ein stor samfunnsaktør i regionen. Sjukehuset har derfor valt å vere medlem av nettverket [Klimapartner Hordaland](#) som har ein årleg avgift på ca. 50.000 kroner. Sjukehuset bruker ca. 200.000 kroner årleg på miljøsertifisering av sjukehuset (ISO 14001) i tråd med bestillinga frå Helse- og omsorgsdepartementet. Sjukehuset gjennomfører fullstendig klimagassrekneskap anna kvart år til ein pris på ca. 150.000 kroner.

Kommentarar

Klimagassrekneskapen gir oss eit godt grunnlag for å arbeide med dei områda som har størst verknad for miljø- og klimaresultatet for sjukehuset. Vidare gjer rekneskapen at det blir mogeleg å måle om tiltaka vi har sett i verk gir den effekten som vi ønskjer. I dag utarbeider sjukehuset klimarekneskapen kvart år for direkteutslepp og energiforbruk, mens vi anna kvart år også inkluderer indirekte utslepp. Direkte utslepp er utslepp frå stasjonær forbrenning og transport, mens indirekte utslepp er knytt til forbruk av varer og tenester. Klimarekneskap frå tidlegare år viser at rundt 80 % av sjukehuset sitt klimafotavtrykk kjem frå forbruk av varer og tenester.

Vi har i dag ein eigen miljøhandlingsplan som gjeld for heile sjukehuset.

Nedanfor blir tiltaka vurderte opp mot økonomi- og miljøkonsekvensar.

Miljømål

1. Redusere klima- og miljøpåverknad frå innkjøp

Bakgrunn for delmål

Klimagassrekneskapen for 2013-2015 viser at sjukehuset har ca. 80 % av klimagassutsleppa knytt til forbruk av varer og tenester. Dette viser at det er tiltak knytt til forbruk av varer og tenester i sjukehuset som kan gje dei store miljø- og klimagevinstane. Det er forbruk av medisinar, medisinsk forbruksmateriell, investeringar i bygningar, laboratorieutstyr og mat som gjev dei største klimagassutsleppa.

Delmål	Kostnadar/gevinstar
Alle dei innkjøpa Helse Bergen gjer, skal ha miljøkrav i anboda (skal-krav eller som tildelingskriterier i evalueringa) innan 2019	Strengt miljøkrav kan vere økonomisk lønnsame ved at ein unngår innkjøp som generer kostnader ved avfallshandtering. Ekstra kostnader knytt til innkjøp vil variere ut frå kva for miljøkrav som blir stilte og kor moden marknaden er på området. Det er derfor svært viktig med god oversikt over marknaden og forankring i sjukehuset.

<p>Vurdere risiko og påverknad på ytre miljø i prosjekt</p>	<p>Det er ved starten av prosjekt og innføring av nye system at vi kan ta omsyn til risiko og påverknad på det ytre miljøet.</p> <p>Sjukehuset har spesielt fokus på to prosjekt;</p> <p>I prosjektet <i>Sentralisert dekontaminering og sterilforsyning ved HUS</i> er det ønskeleg å vurdere konsekvensar knytt til energiforbruk, logistikk og eingongsprodukt kontra fleirgongsprodukt.</p> <p>I Libra, som er eit regionalt program for støttetenester innan økonomi, innkjøp og logistikk i Helse Vest, er tilgangen til helse- og miljøinformasjon for bestillar trekt fram som eit fokusområde i miljøarbeidet.</p> <p>I begge desse prosjekta vil det mest sannsynleg vere område som gir økonomiske gevinstar gjennom for eksempel energieffektivitet og logistikk, mens andre område kan gi ekstra kostnader. For eksempel vil eingongsprodukt ofte vere meir økonomisk lønnsamt å bruke enn fleirgongsprodukt.</p>
---	--

Miljømål

2. Redusere utslepp av miljøskadelige stoff til jord, luft og vatn

Bakgrunn for delmål.

Tiltak innan transport kan gi klimagassreduksjonar og er viktig for luftkvaliteten lokalt. I tillegg kan tilrettelegging for syklende og gåande vere eit helsefremmende tiltak for medarbeidarar.

Produksjon og transport av mat har klare miljømessige konsekvensar. Mat- og drikkevarer står for rundt 8 % av klimagassutsleppa frå sjukehusdrifta. Redusert matsvinn er derfor eit viktig tiltak for å minimere miljøbelastninga.

Delmål	Kostnadar/gevinstar
<p>15 % syklende medarbeidarar innan 2020</p>	<p>Det er utfordringar knytt til parkering for pasientar og medarbeidarar på sjukehuset. Reisevaneundersøkinga viser at ved god tilrettelegging er det mogleg å få fleire over på sykkel.</p> <p>Delar av overskotet frå parkeringsavgifta går til sykkeltiltak. Det er sett av 800.000 kr til ulike sykkeltiltak under drift, og 1 mill.kr. til investeringar.</p>

	Her er det mogleg å spare kostnadar knytt til parkeringsplassar.
Auke brukarstøtte og gjere elektroniske møte (Lync/skype/videokonferansar) lettare tilgjengeleg.	Auka bruk av elektroniske møte vil gi reduksjon i reisekostnader og klimagassutslepp i tillegg til å friggi arbeidstid.
Bilparken* skal ha fossilfrie bilar som første val	Per i dag sparer vi på overgang til el-bilar ved småkjøring i bynære område. I slutten av 2019 vil mest sannsynleg halvparten av bilparken vere el-bilar.
Redusere matsvinnet med 5 % innan 2018 samanlikna med 2017	Det er ikkje sjølve destruksjonen av matavfallet som kostar, men råvarene og produksjonen. Reduksjon i matsvinnet med 5 % vil spare oss for ca. 150.000 kroner.

* eksklusiv ambulanseparken

Miljømål

3. Redusere forbruket av naturressursar

Bakgrunn for delmål

I 2014 og 2015 viste klimagassrekneskapen at investeringar i nybygg og bygg er den nest største kjelda til klimagassutslepp frå sjukehuset.

Delmål	Kostnader/gevinstar
Redusere energiforbruket med 10 % innan 2020 (basisår 2013)	<p>Sjukehuset sitt arbeid med energileiing og ulike energitiltak har til no gitt innsparingar på rundt 3,5 mill. kr. sidan oppstarten i 2013. Energiarbeidet gir også resultat for klimagassutsleppa. Det blir arbeidd både med eksisterande bygningsmasse og nybygg.</p> <p>I Barne- og ungdomssjukehuset II vil vi utnytte berggrunnen til lagring av varme og kulde, og sola til produksjon av strøm i solceller i vindauga. Det nye Barne- og ungdomssjukehuset vil produsere mye varme. Restvarmen vil bli overført til Sentralblokka og bli brukt til å varme opp tappevatnet. Når bygget er i drift, vil det bli overført rundt 500.000 kWh til Sentralblokka frå Barne- og ungdomssjukehuset. Solceller i vindauga er ei løysning som ikkje er brukt i Noreg tidlegare. Målet er at solcellene i vindauga skal produsere nok strøm til lading av el-bilane på sjukehuset.</p> <p>Berekna meirkostand for det det nye Barne- og ungdomssjukehuset II i godkjend tilskot frå Enova er 100 mill. med ca. 39 mill.kr i tilskot. Her er berekna netto energireduksjon på 6,7 mill. per år og</p>

	<p>energiproduksjonen er 2,2 mill. per. år, totalt 8,9 mill. per år. Det vil si at kostnadane er tent inn på ca. 11 år. Bereknar vi bygget sin levetid til 50 år vil innsparinga vere 347 mill. (berekna 1 kr/Kwh).</p> <p>Enova støttar Barne- og ungdomssjukehuset II fordi det har potensiale nasjonalt og internasjonalt til å effektivisere energiforbruket og gi reduksjon i klimagassutslepp.</p>
--	--

Det er vanskeleg å spå framtida, men med bakgrunn i miljø- og klimautfordringane vi står overfor, er det ikkje usannsynleg at delar av vår verksemd i framtida vil bli prisa høgare. Dette er trekt fram i perspektivmeldinga gjennom for eksempel prising av klimagassutslepp. Ved god miljøstyring er vi betre rusta til å møte desse endringane.

I forhold til sjukehuset sitt omdømme og samfunnsansvar vil det vere naturleg at sjukehuset gjennom daglege drift arbeider for å minimere miljøbelastninga.